

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 08.01.2024

Vår ref.: 202108530-10 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om konsesjon for regulering og uttak av vatn frå Håvikvatnet, Bjørnafjorden kommune i Vestland

NVE har motteke ein søknad frå AS Bolaks, datert 27.3.2023, om løyve til regulering og uttak av vatn frå Håvikvatnet til bruk i stamfiskanlegg. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/9228/V, og den blir kunngjort av NVE i Os og Fusaposten og Midtsiden. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Samuel Anderson på tlf. 45 68 95 21 eller e-post: samuel@bolaks.no.

Kva søknaden gjeld

AS Bolaks driv stamfiskproduksjon i Nystølsvågen i Bjørnafjorden kommune. Håvikvatn er vasskjelde til anlegget. Det har ikkje tidlegare vore søkt konsesjon for vassuttaket til anlegget. Det er søkt om eit høvesvis gjennomsnittleg og maksimalt vassforbruk på 97 l/s og 180 l/s. I tillegg er det søkt om å halde fram med regulering av Håvikvatnet mellom HRV på kote 57 og LRV på kote 56,1. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 30 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 100 l/s resten av året.

NVE behandlar regulering, vassutak og tilhøyrande infrastruktur fram til stamfiskanlegget.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på www.nve.no/9228/V
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale 202108530» i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er **23.2.2024**.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen dykkar er lang, er det difor ein fordel om de lagar eit samandrag som kan brukast til dette.



Kva ønskjer vi innspel om?

Vi ønskjer grunngjevne synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

Vi ber kommunen informere om kjente allmenne interesser som kan bli påverka av tiltaket. Dette kan vere friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Det er også av interesse for oss å få informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget osv.

Vi ber Statsforvaltaren og fylkeskommunen om å vurdere om kjente allmenne interesser kan bli påverka, og i tillegg vurdere tiltaket opp mot sitt sektoransvar.

Informasjon om saksbehandlinga

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

Etter at høyringsfristen er ute får søkar anledning til å kommentere innkomne høyringsuttalar, før NVE vanlegvis gjennomfører synfaring i området. Alle som har sendt inn uttale vil bli invitert på synfaringa.

Søknaden, synfaringa og innkomne uttalar er eit viktig grunnlag for NVE si vurdering. NVE fattar vedtak i saka etter kriteriet i vassressurslova § 25, som er at fordelane må vere større enn ulempene for at vi skal kunne gje løyve. I den samla vurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve skal gjevast og i kva utstrekning. Eit vedtak blir alltid grunngjeve.

Dersom NVE gjev løyve/konsesjon, kan det vere knytt vilkår til denne, jf. vassressurslova § 26.

NVE sitt vedtak kan klagast på til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet det er komme fram til parten. Retten til å klage avgrensar seg til dei som har klagerett.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
seniorrådgjevar

Dokumentet er sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

**Mottakarliste:**

MILJØDIREKTORATET

Norges Miljøvernforbund

NATURVERNFORBUNDET HORDALAND

Birdlife Norge

Mattilsynet

Bergen og Hordaland Turlag

Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland

FUSA TURLAG

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF)

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

Kopimottakarliste:

AS Bolaks